

---

Vår referanse 2020/54915-1  
Dato 24.07.2020

---

## Tilskot til regionale ungdomsparti

Dei regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonane i Vestland kan søkje Vestland fylkeskommune om tilskot til verksemda innan 1. oktober 2020. Frå neste søknadsår blir søknadsfristen 31. mars.

Ungdomspartia søkjer om tilskot via søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider. De finn [søknadsskjema, retningslinjer og informasjon om tilskotsordninga på denne sida](#).

For å søkje om tilskot må ungdomspartiet ha organisasjonsnummer og vere registrert i Brønnøysundregisteret og moderpartiet må vere representert i Vestland fylkesting. Saman med søknaden må de leggje ved siste årsmøtereferat og godkjent rekneskap og årsrapport / årsmelding frå året før søknadsåret.

Ungdomspartia som søkjer innan fristen og stettar krava får eit grunnbeløp på 20 000 kr og eit beløp basert på m.a. moderpartiet sitt valresultat ved fylkestingsvalet 2019.

Regionale ungdomsparti som har fleire enn eitt fylkeslag i Vestland fylke søkjer om samla stønad gjennom éin felles søknad med eitt av fylkeslaga som avsendar, og står så fritt til å fordele eventuelt tilskot mellom fylkeslaga.

Dette brevet er sendt på e-post til ungdomspartia ut i frå nettsidene til dei regionale ungdomspartia. Ver venleg å sende brevet vidare til rette vedkomande om det er andre i ungdomspartiet som skal ha brevet.

Med helsing

Åge Avedal  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Mottakarliste:  
AUF Vestland  
Unge Høgre  
Senterungdomen  
FPU Vestland  
KrFU Vestland  
Sosialistisk ungdom Vestland  
Vestland Unge Venstre  
Grøn ungdom Vestland  
Raud ungdom